


Det kgl. Kulturdepartement  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO



Oslo, 30. september 2011

Vår ref.: 423.21/LRK

Dykkar ref.: 2011/01548 ME/ME4 etr:MK

## HØYRINGSSVAR FRÅ LNU: OM FORSLAG TIL MELLOMBELS ENDRING I PENGESPELLOVA

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) viser til høyringsbrev frå Kulturdepartementet av 15. september d.å. Høyringa gjeld nytt eit forslag til mellombels endring i lov av 28. august 1992 nr. 103 om pengespel m.v., i sbm. gåve til Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

*LNU representerer 99 frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, med til saman over 500 000 medlemmer. LNU er ein interesseorganisasjon for medlemsorganisasjonane, og fremjar deira felles interesser for styresmaktene. Vi arbeider mellom anna for betre rammevilkår for barne- og ungdomsorganisasjonane, og for enkel og ubyråkratisk samhandling mellom styresmaktene og frivilligheita. LNU forvaltar sju støtteordningar på til saman ca 130 millionar kroner, på vegner av tre ulike departement. Frifond, i hvoudsak finansiert av overskotet frå Norsk Tipping, er mellom desse.*

LNU takkar for mulegheita til å kome med innspel til forslaget.

**LNU er positive til** at departementet ønskjer å gje ei jubileumsgåve til NIF, som er ein viktig aktør i det norske frivillighetslandskapet. Det er ekstra gledeleg at departementet vil målrette gåva mot det viktige barne- og ungdomsarbeidet Noregs Idrettsforbund driv i heile landet.

**LNU vil også frå vår side gratulere NIF med jubileet**, men hadde sett pris på å sjølv få velje gåve eller helsing. Departementet reknar med auka omsetning i samband med den aktuelle lottotrekkinga. Trass i dette, og sjølv om det dreier seg om svært små tal når ein ser overskotet frå eit heilt "speleår" under eitt, er det dei øvrige overskotsmottakarane som er dei reelle gjevarane av gåva, gjennom eit redusert overskot frå den aktuelle omgangen. Det heiter då også i høyringsbrevet at "[I]ovendningsforslaget har ikke særskilte økonomiske eller administrative konsekvenser for staten".

**LNU stiller seg noko undrandre til** det institusjonsmakeri ei mellombels lovendring og ein omfram tippenøkkel for ein einskild speleomgang framstår som. Ei spesiell lottotrekning i samband med idrettsgallaen vil vere god reklame for Norsk Tippings spel og for frivilligheita som mottakar av overskotet, og LNU reknar med det er dette som ligg til grunn for at departementet likevel har vald å gå vegen om høyring av aktørar som blir berørte av forslaget, lovproposisjon og stortingsvedtak.

**LNU vil derfor uttrykkje støtte til** at departementet gjennom ei gåve ønskjer å skape positiv merksemd kring ein av fleire viktige samfunnsinnsatsar frå frivilligheita.

Landsrådet for Noregs barne- og  
ungdomsorganisasjonar (LNU)

The Norwegian Children and Youth Council  
El Consejo de la Juventud de Noruega

Øvre Slottsgate 2 B,  
NO-0157 Oslo  
Telefon +47 23 31 06 00  
Telefaks +47 23 31 06 01  
lnu@lnu.no  
www.lnu.no

Org.nr.: NO 971 435 739  
Bankkonto: 8398 05 05475  
SWIFT: HANDNOKK  
IBAN: NO24 8398 0505 475



*LNU bed i den samanheng departementet om å klårleggje i kva grad forslaget er eit uttrykk for ein ny praksis frå departementets side, med liknande mellombelse endringar i framtida. Dersom departementet ikkje ser føre seg ein slik ny praksis, meiner LNU det hadde vore klokt å finansiere denne gåva over det ordinære budsjettet til departementet, eller gjennom ei omfram løyving frå Stortinget.*

Utover dette har ikkje LNU merknader til forslaget, og ser fram til vidare konstruktiv dialog med departementet om overskotet frå Norsk Tipping i framtida.

Med helsing

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

Gunhild Grande Stærk /s/  
*leiar*

Martin Vonstad Østerdal /s/  
*generalsekretær*

